



Sportsfiskaren Kvinnherad

09.07.2013

ved Ståle Schille

Heio 17

5452 Sandvoll

NVE konsesjons-tilsynsavdelingen

Postboks5091Majorstua

0301 OSLO

SØKNAD OM UTBYGGJING AV VALEDALEN KRAFTVERK.

Valedalen er i dag sterkt preget av utbyggjing, både med demningar, vegar, røyrgetrassèar og 2 kraftliner på 300 kilovolt gjennom dalen. Elva ned dalen er og sterkt påverka av tidligare kraftutbygging.

Det er etter vår meining difor ikkje grunnlag for å seie nei til ei vidare utbyggjing i Valedalen.

Det er òg kome signal på at utbyggjar vil bli pålagt å ruste opp Valedalsdammen. I

forbindelse med dette så er ein og avhengig av veg fram til dammen.

Viss ein då set dei to alternative prosjekta opp mot ein annan, så trur me at det kan vera eit gode for Valedalen, fisk og fiske med ei alternativ 2 utbygging i og med at det vil bli vatn i elva. Ved ei minstevassføring og tersklar så trur me at dette kan bli ei tenleg løysing.

Ved begge alternativa må det likevel byggast veg fram til Valedalsdammen. Så dette inngrepet kjem uansett. Røyrkata ned til kraftstasjon alternativ 2 blir og den same. Den store skilnaden blir i og ved elva frå lokaliteten til alternativ 2 og ned til eventuell kraftstasjon ved inntaksdammen. Og her støtter me oss til rapporten frå rådgivande biologer. Men me er kjent med at det er ei uro blant fiskeinteresserte for at gytemoglegheitane i Valedalselva skal

verta forringa ved at aktuelle gytebekker blir øydelagt pga. vegbygging og rørtrase. Det er og uro for at den visuelle opplevinga kan bli forringa med dei inngrepa som kjem.

Vårt forslag til løysing på dette potensielle problemet er at Kvinnherad Energi som utbyggjar blir oppmoda/pålagd å samarbeide med dei organisasjonane som opererer i Valedalen for å kome fram til ei løysning som alle er tent med. På folkemøte ved Valen Grendahus ga Terje Enes, Kvinnherad Energi, uttrykk for at han var innstilt på dette. Sportsfiskaren Kvinnherad hadde eit godt samarbeid med SKL om mellom anna å fastsetje HRV og LRV i Nesjastølsvatnet under Staffi kraftverkutbygginga. Denne erfaringa bør kunne nyttast av dei lag og organisasjonar som arbeider i området. Sportsfiskaren Kvinnherad er i dag ikkje engasjert i Valedalen, men vil være behjelpelig viss ynskjeleg.

Når det gjeld overføring av Sitautevatn til Valevassdraget, så viser me til vår behandling av denne søknaden.

Konklusjon.

Sportsfiskaren Kvinnherad kan støtte ei skånsam alternativ 2-utbyggjing. Me meiner likevel at det er svært viktig at Kvinnherad Energi samarbeider med dei lag og organisasjonar som arbeider i området. Det må i dette samarbeidet mellom anna takast stilling til HRV og LRV i berørte vatn samt minstevassføring i vassdraget. Men som før nemnd meiner me uansett at ei overføring av Sitautevatn, som i dag ligg i eit urørt vassdrag, til valevassdraget er uakseptabelt.

Mvh

Ståle Schille

Leiar

Steinar Haktorsen

Nestleiar